

Analyseramme av tale

Slik arbeider du

Svar på spørsmåla under med stikkord. Deretter set du saman stikkorda til ein samanhengande tekst. Hugs at du alltid må vise til «bevis» i teksten, anten som sitat eller ved å forklare kvar i teksten det er.

1. Kontekst

Kven held talen?

Kvar og når blir han halden, og kva er høvet?

Kven er publikum?

Korleis kan denne situasjonen påverke kva talaren seier, og korleis talen er?

Vis til informasjon i teksten eller rundt teksten.

1. Bodskap og tema

Kva handlar talen om?

Kva er det viktigaste bodskapet til talaren?

Vis til eitt eller fleire stader i teksten som viser dette.

2. Oppbygning

Korleis startar talen?

Kva skjer i hovuddelen?

Korleis avsluttar talen?

Finn konkrete døme i teksten.

3. Språk og verkemiddel

Sjå etter korleis talen er skriven:

Gjentakingar (ord eller setningar som går igjen)

Bilete eller samanlikningar (metaforar)

Sterke formuleringar

Skriv døme frå teksten.

Forklar kva dei gjer med deg som lyttar.

4. Appellformer (retorikk)

Korleis prøver talaren å påverke deg?

Etos – verkar talaren truverdig? Korleis?

Logos – kva for argument blir brukte?

Patos – kva for kjensler prøver talen å skape?

Vis til konkrete stader i teksten.

5. Kven er talens «eg» eller «vi»?

Kven snakkar talaren om når det står «vi»?

Er alle inkluderte, eller finst det eit «oss» og «dei»?

Finn døme i teksten.

Forklar korleis språket skaper fellesskap (eller skilje).

6. Tekstkoblingar (intertekstualitet)

Er det «ekko» av andre tekstar, songar eller hendingar?

Viser talen til noko vi kjenner frå før?

Vis kvar i teksten du ser det.

Forklar kvifor det blir brukt.

7. Verknad

Kva prøver talen å få deg til å:

- tenkje?
- kjenne?
- gjere?

Bruk døme frå teksten.

8. Vurdering

Kva fungerer godt i talen?

Kva kunne gjort han sterkare?

Grunngi svara dine med døme.